



Budsjett 2026
Økonomiplan 2026–2029

**BJØRNA
FJØRDEN**



KOMMUNE

Overordna kommentarar til budsjettet

Budsjettforslaget til kommunedirektøren er utfordrande. Retninga i budsjettet viser at det framleis er mange år igjen med tøffe omstillingar for kommunen. Det må vi ta inn over oss.

Vi må også halda oss til økonomiplanen frå desember 2024 som vart vedteken av Frp, H, INP og KrF. Budsjetta framover byggjer dermed på rammene av deira prioriteringar i økonomiplanperioden. Det må vi berre akseptera.

Vi er tvilande til om det er mogleg å laga eit realistisk budsjett basert på denne økonomiplanen og på meirforbruket dei siste åra. Bjørnafjorden Arbeidarparti vel likevel å levera eige budsjett der vi prøver å dra budsjettet i ei meir realistisk og sosialdemokratisk retning. Ein ting er sikkert – «Tio etter SIO» er diverre ikkje over.

Vi skal vera takksame for at fleire ser til Bjørnafjorden både for å etablera næring og for å busetja seg. Vi er stolte over det etablerte næringslivet vi har, samstundes som vi skal vera tydelege på at vi ønskjer fleire velkomne. Vi må prioritera å finna nye gode næringsområde for ulike bransjar og behov. Dette må prioriterast i arealplanarbeidet for Bjørnafjorden.

Den største ressursen vi har er bjørnafjordingane sjølve. Både innbyggjarar og arbeidstakarar må kjenne respekt, tillit og tryggleik. Dei tilsette i Bjørnafjorden kommune har stått i vedvarande endringar i 6 år. Vi som folkevalde med arbeidsgjeveransvar, må vera medvitne om ansvaret vårt. Openheit, tryggleik og gode arbeidstilhøve vil alltid vera vesentlege faktorar i å redusera sjukefråvær, og for å behalda og rekruttera tilsette.

Kommunikasjon og rett informasjon blir svært viktige element for å tryggja både tilsette og innbyggjarar i dei omstillingstidene som ligg framfor oss. Her har kommunen eit særskilt ansvar.

Kva slags samfunn ønskjer vi at Bjørnafjorden skal vera? Og korleis kan kvar einskild av oss bidra til å skapa det samfunnet?

Vi vil takka alle frivillige som engasjerer seg. Det blir gjort svært mykje godt arbeid for samfunnet vårt gjennom frivillig arbeid, og vi er avhengige av at folk med interesse, kapasitet og restarbeidsevne kan vera med på å byggja gode og trygge lokalsamfunn. Det er viktig at frivilligheita får betre kår. Dei treng anerkjenning frå kommune og felleskap, og fleire ressursar både i form av midlar og godt samspel.

Gode omstillingsprosessar er mellom anna kjenneteikna av at ein ikkje går så fort fram at ein ikkje greier å evaluera resultata av pågåande endringar og omstillingar – før ein kastar seg inn i nye endringar fordi ein ikkje umiddelbart ser økonomisk gevinst.

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner at vi MÅ bruka meir sparepengar no. Dette for i det heile å greia omstillingane vi må gjennom knytt til endra demografi, og knappheit på og konkurranse om arbeidskraft. Vi må i denne fasen bruka meir pengar for å spara både pengar og ressursar litt lenger framme.

I budsjettframlegget legg kommunedirektøren opp til å setja inn meir midlar der ein ser at tidlegare kuttforslag har vore urealistiske og ugjennomførbare. Det er bra. Vi meiner likevel at det framleis vert lagt opp til for raske nedskjeringar innan helse og omsorg. Vi meiner det ikkje er mogleg å henta ut økonomiske gevinstar i eit slikt omfang som det er lagt opp til i økonomiplanperioden. Dei endringane og dreiningane ein ønskjer i forhold til styrking av heimetenester og andre tiltak i innsatstrappa, må vera parallelle prosessar. Desse krev meir ressursar enn kva budsjettframlegget legg opp til.

Eit tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande. Ein må vurderer å setja inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet. Rett informasjon, tidleg involvering og reell medbestemmelse er heilt essensielle faktorar for å kunna redusere sjukefråvær, rekruttera, kvalifisera og behalda kompetanse.

Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne og inkludering av personar utanfor arbeidslivet, kan bli heilt avgjerande for å klara bemanna slik at kommunen kan levera tenestene den har ansvaret for.

Manglande kvalifisert arbeidskraft er ei stor utfordring dei kommande åra. Det kan hindra kommunen i å få gjort dei oppgåvene den skal. Arbeidarpartiet er svært skuffa over at ein ikkje når målet om 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar. Vi forventar at ein brukar alle midlane som er avsett til lærlingar, i åra framover. Kommunen har eit stort samfunnsansvar for å kvalifisera og utdanna ungdommane våre. Vi vil i denne samanhengen også trekka fram andre gode kvalifiserings- og utdanningstiltak som «Fagbrev på jobb» og «Menn i helse».

Arbeidarpartiet gjer følgjande endringar i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2026 og økonomiplanperioden 2026–2029

INVESTERINGSBUDSJETTET

Helse og velferd:

Omsorg+

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil også i dette budsjettframlegget synleggjera kor viktig det er å koma i gang med satsinga på Omsorg+ bustader, særskilt der det allereie ligg tilrette for det. Vi meiner det er svært beklageleg at det ikkje har vore politisk vilje i Bjørnafjorden til å hausta slike «lågthengande frukter» og hausta erfaringar inn mot nye større prosjekt. Det kan enkelt og raskt setjast i gang fleire stader i kommunen. Dette kan tryggja fleire eldre og pårørande, samt spare driftskostnader. Eit oversyn over ledige kommunale omsorgsbustader m.a på Leitet, Baldersheim og Eikhovda, syner at dette raskt kan realiserast på austsida. Andre etableringar kan vera Gamleheimshagen og Gymnasvegen. Noverande bebuarar skal sjølvsagt ikkje flyttast mot si vilje. **Bjørnafjorden Arbeidarparti synleggjer dette ved å leggja inn 5 millionar i 2026 som ein oppstart til Omsorg+.**

Samfunnsutvikling:

Brann og redning

Bjørnafjorden er heilt avhengig av at brann og redning har dei ressursane som trengs for å sikra forebygging og beredskap. Vi ser på prioriteringslista til brann og redning som naudsynte investeringar for både tilsette og for tryggleiken til befolkninga. **Vi legg difor inn 5 millionar for 2026, og aukar investeringane i samsvar med prioriteringslista for brann og redning utover i økonomiplanperioden.**

Stupebrett Mobergsvikjo

Vi prioriterer å erstatta det øydelagte stupebrettet i Mobergsvikjo som eit folkehelsetiltak, **og legg inn kr 300.000 slik at dette kan vere på plass våren 2026.**

DRIFTSBUDSJETTET

Helse og velferd:

Redusert nedtrekk

Bjørnafjorden Arbeidarparti er samde i at det må arbeidast med fleire prosjekt for å sjå på heilskapen i framtidas helse- og omsorgstenester. Vi kan likevel ikkje støtta kommunedirektøren sitt framlegg til så store innsparingar gjennom dimensjonering av tenestene. Sektoren har i årevis stått i svært krevjande omstillingar og store innsparingskrav. Vi meiner det ikkje kan hentast ut økonomiske gevinstar i eit slikt omfang og tempo som det er lagt opp til i økonomiplanperioden. Dei endringane og dreingane ein ønskjer i forhold til dimensjonering i institusjon, styrking av heimetenester og andre tiltak i innsatstrappa, må vera parallelle prosessar som krev meir ressursar over tid enn kva budsjettframlegget legg opp til. For å skapa ei heilskapleg omsorgstrapp må den både ta omsyn til dei som er på dei øvste trappetrinna, samstundes som det må utviklast tenester (t.d. ergoterapi/fysioterapi) som gjer at folk trygt kan bli verande lenger nede i trappa. Vi er sterkt uroa for dei tilsette sin arbeidssituasjon knytt til bemanning og belastning. For stort press over tid vil føra til auka sjukefråvær.

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg difor inn 10 millionar kroner i mindre nedtrekk enn kommunedirektøren for 2026. Vi meiner at fleire hender til praktiske oppgåver, oppgåveglidning, endra organisering og innfasing av velferdsteknologi, er vegen å gå. Då vil utgiftene til variabel løn bli reduserte, og det vil vera viktige verkemiddel for å redusera sjukefråværet.

Oppvekst:

Bjørnafjorden Arbeidarparti er svært nøgd med satsinga på Raudt Team. Dette er eit godt tiltak. Vi anerkjenner den tverrfaglege jobben som er gjort for å oppretta teamet, og skapa gode og målretta løysingar for born, unge og deira familiar. Dette har vi stor tru på.

Bjørnafjorden Arbeidarparti ønskjer å styrka oppvekstsektoren meir enn det kommunedirektøren gjer i sitt budsjettframlegg.

Psykisk helse og rus, born og unge

Gjennomført forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester til barn og unge avdekka ei rekke utfordringar som krev tiltak. Med bakgrunn i forvaltningsrevisjonen aukar vi difor ramma til psykisk helse- og rustenester til barn og unge med **kr 2 millionar kvart år i økonomiplanperioden.**

Helsesjukepleiar

Bjørnafjorden kommune stettar ikkje kravet til talet helsesjukepleiarar. Det er dessutan utfordringar knytt til ferieavvikling, frávær osv. Vi legg difor inn **kr 1 million til dette kvart år i økonomiplanperioden.**

Analoge/fysiske skulebøker

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil styrkja leseferdigheitane, mellom anna ved å investera i fleire trykte lærebøker til skulane, og **løyver 2 millionar ekstra kvart år i heile økonomiplanperioden.**

Torsdagsgruppa i skulen

Torsdagsgruppa som Frp, H og KrF valde å leggja ned i budsjettvedtaket frå desember 2023, har sidan fått tilført private midlar som sikrar drift fram til og med våren 2027.

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil sikra vidare drift av dette viktige tilbodet, og legg inn midlar frå hausten 2027 og ut økonomiplanperioden.

Bemanna planleggingstid i barnehage

Pedagogane i barnehagane treng tid til å planleggja. Det vil ha fleire positive ringverknader dersom ein set av pengar til å halda ei stabil grunnbemanning også i planleggingstid.

Samstundes skriv kommunedirektøren at dette vil redusera stress og sjukefråver, samt bidra til betre kartlegging, og setja inn tiltak tidlegare og raskare. **Bjørnafjorden Arbeidarparti set av 3 millionar kroner til bemanna planleggingstid i barnehagane.** Vi forstår at dette ikkje er tilstrekkeleg for å gjennomføra tiltak 4 i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett, men ser på det eit viktig signal om at dette må prioriterast. Vi foreslår dette som eit prøveprosjekt i dei kommunale barnehagane, som eit tiltak for å rekruttera og behalda.

Samfunnsutvikling:

Bibliotek

Bjørnafjorden Arbeidarparti ønskjer å styrka og fremja bruken av biblioteka våre. Folkebiblioteklova understrekar at biblioteka skal «fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle». Vidare vert det sagt at biblioteka skal vera ein uavhengig møtestad og arena for offentleg samtale og debatt, og at dei einskilde biblioteka skal i tilboda sine til barn og vaksne leggja vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Det er difor ikkje mogleg for oss å gje støtte til nedtrekka som vart skisserte i fjor, og framleis ligg inne frå 2027. Vi ventar framleis på den varsla politiske saka om bibliotek i kommunen. Saka må ta opp alle aspekt, inkludert lokalisering, lovkrav, dimensjonering og ikkje minst kva vi i Bjørnafjorden kommune vil at biblioteka våre skal vera. **Bjørnafjorden Arbeidarparti fjernar difor nedtrekka på 4 millionar kroner i 2027 og 2028.**

Redusert utbytte frå BUS AS

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner det er uheldig og lite klokt å fremja krav om utbytte frå BUS AS i den storleiken som er føreslege i budsjettframlegget. Selskapet gjer ein formidabel jobb med å sikra god næringsutvikling i kommunen, og dei er i innspurten til å landa fleire spanande avtaler. Det krevst både fokus, ressursar og likviditet for framdrift og gjennomføring. Vi ønskjer å gje arbeidsro og tillit i denne fasen av utviklinga og drifta av selskapet. Dette vil gagna kommunen. **Bjørnafjorden Arbeidarparti reduserer difor utbyttet frå Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS til 5 millionar kroner for 2026.**

Renovering og ny oppbygging av sentralidrettsanlegget på Kuventræ

Det som over år har blitt avdekka som feil og manglar ved friidrettsanlegget på Kuventræ, er rett og slett ein skandale. Hausten 2025 ligg det føre ein ny rapport som viser feil ved etablering av anlegget for 10 år sidan, og som er uopprettelege utan ei total rehabilitering. Kommunedirektøren har varsla ei politisk sak til handsaming våren 2026 som skal avklara vegen vidare. **For å sikre rask framdrift, set Bjørnafjorden Arbeidarparti av kr 500 000 for oppstart av detaljregulering for friidrettsanlegget og fotballbana.**

Prosjekt for vern av Osmarka

Naturverdiar for fellesskapet og komande generasjonar må i større grad sikrast og ivaretakast. Osmarka er ei grøn lunge tett på sentrum som er til glede for både små og store. Vi ser det som avgjerande å koma i gang med arbeidet med vern av Osmarka, og ber kommunedirektøren om å starte arbeidet med prosjektet. **Bjørnafjorden Arbeidarparti set av kr 500 000 frå klimafondet til arbeidet.**

Turveg Skjelbreid – Koldal (prosjektering)

Etablering av turveg frå Skjelbreid i Hålandsdalen til Koldal ved Eikelandssosen er eit godt folkehelsetiltak. Det vil vera ei viktig trafikkssikker ferdselsåre for folk i alle aldrar. Området byr på flott natur og er eit fint rekreasjonsområde. **Bjørnafjorden Arbeidarparti set av kr 150 000 til prosjektering/kostnadsestimat.**

Auke i driftstilskot til idrettsanlegga

Driftstilskotet til dei ulike idrettsanlegga i kommunen har lege på same nivå i mange år. Pris- og renteauken dei siste åra har gjeve mykje trongare rammer for idrettsanlegga.

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg difor inn kr 300 000 årleg i auka driftstilskot, og håpar å kunne auke denne summen i løpet av økonomiplanperioden.

Fjerne fast årleg tilskot til Os pensjonistforening

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner at det faste årlege tilskotet på kr 100 000 til Os Pensjonistforening må opphøyra. Prinsippet om likebehandling må vera førande for slike kommunale tilskot, og foreninga må dermed søkje om driftsmidlar og tilskot på lik linje med andre tilsvarande lag og organisasjonar.

SALDERING

Driftsbudsjettet vårt brukar noko mindre av disposisjonsfonda samanlikna med kommunedirektøren sitt budsjettframlegg gjennom heile økonomiplanperioden. Investeringsbudsjettet har eit noko høgare forbruk gjennom heile økonomiplanperioden, og vert saldert mot dei kommunale fonda.

Ekstra statlege overføringar

Bjørnafjorden Arbeidarparti har tru på ein auke i dei statlege overføringane til kommunane dei kommande åra, og budsjetterer i tråd med budsjettforslaget vårt for 2025, med ei ekstra årleg inntekt på 15 millionar kroner i kvart av åra i økonomiplanperioden.

Ekstra inntekter Havbruksfondet

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg i budsjettet opp til å leggja til grunn anslaget frå Kontali Analyse på storleiken på utbetalingane frå Havbruksfondet fram til og med 2028. Dermed legg vi i vårt budsjett inn differansen mellom kommunedirektøren sitt budsjett og anslaga frå Kontali Analyse, som ekstra inntekt. For 2029 legg vi inn same sum som for 2027.

Endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett (tal i 1000 kr)	2026	2027	2028	2029
INVESTERING				
Brann og redning	5 000	7 000	5 300	6 300
Stupebrett Mobergsvikjo	300			
Omsorg+	5 000			
SUM ENDRINGAR INVESTERING	10 300	7 000	5 300	6 300
DRIFT				
Helse: Omstilling og oppgåvegledning, ekstramidlar	10 000			
Oppv: Psykisk helse og rus, barn og unge	2 000	2 000	2 000	2 000
Oppv: Bemanna plantid i barnehage, start	3 000			
Oppv: Analoge/fysiske skulebøker	2 000	2 000	2 000	2 000
Oppv: Tilsetja ekstra helsesjukepleiar	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppv: Torsdagsgruppa i skulen		260	520	520
Samf: Prosjektering sentralidrettsanlegg Kuventræ	500			
Samf: Forprosjekt vern av Osmarka (ta frå klimafondet)	500			
Samf: Ikkje nedtrekk på biblioteka		4000	4 000	4 000
Samf: Ta bort tilskot til Os pensjonistforening	- 100	- 100	- 100	- 100
Samf: Mindre utbytte frå BUS	10 000			
Samf: Gangveg Skjelbreid-Koldal, prosjektering	150			
Samf: Auka driftstilskot til idrettslaga	300	300	300	300
Saldering: Ekstra inntekter Havbruksfondet	-28 300	-1 700	-39 200	-1 700
Saldering: Ekstra statlege overføringar	- 15 000	-15 000	-15 000	-15 000
SUM ENDRINGAR DRIFT	- 13 950	-7 240	-44 480	-6 980

Framlegg til vedtak

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029, justert for dei endringane som kjem fram i dette dokumentet.

Verbalforslag

Dersom budsjettet ikkje får fleirtal, ber vi om at desse etterfølgjande verbalforslaga vert voterte over separat og punktvis.

1. Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær, og aktivt nytta seg av tilboda frå NAV for å styrka personalomsorga og nærværarbeidet i kommunen. Det er viktig å anerkjenna endringstrøytteleik hjå dei tilsette i dei mange pågåande omstillingsprosessane. Det er også viktig at det vert gjeve god leiarstøtte og tryggleik rundt omstillingsprosessane. Eit tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande. Vi ber kommunedirektøren drøfta om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet.
2. Vi oppmodar kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstsone for kollektivtrafikken i heile kommunen.
3. Vi ber om at kommunen sine rammekontraktar/rammeavtaler blir gjort synlege på kommunen sine nettsider. Informasjon må visa type kontrakt, leverandør og tenestoområde samt start/sluttdato og inkludert eventuelle opsjonsvilkår.
4. Bjørnafjorden kommune har eit stort samfunnsansvar når det kjem til kvalifisering av arbeidskraft. Vi ber om at Bjørnafjorden kommune sitt måltal for lærlingar skal vera minst 2 pr. 1000 innbyggjarar.
5. Vi ber kommunedirektøren sørgja for at dei midlane til lærlingar som ligg inne i budsjettet, blir brukte til føremålet. Vi ber også om at det blir rapportert tilbake til tenesteutvalet på utviklinga i talet på lærlingar i løpet av 2026.
6. Vi ber kommunedirektøren om å sørga for tilgang til Framsikt sin modul for politiske parti, til å produsera budsjett for 2027 og vidare framover.
7. Vi ber om ei politisk sak om flytting av Torgbygget til ein ny lokasjon, med kostnadsoversyn på dette.
8. Sjukefråværet, særleg blant kvinner, skuldast ofte muskel- og skjelettplager. Personar med slike plager har ofte mindre smerter ved auka innnetemperatur. Vi ber difor kommunedirektøren setja i gang ei forsøksordning ved ein kvinneedominert arbeidsplass i kommunen, der innnetemperaturen vert auka, slik at ein kan sjå om dette

kan bidra til nedgang i sjukefråvær.

9. Vi ber kommunedirektøren om å få opp sak om revidering av kommunal trafikksikringsplan slik at Holsundvegen/Holmefjord kan koma opp som prioritert tiltak. Det må også arbeidast aktivt inn mot Vestland fylkeskommune for å få gjort denne vegen trafikksikker.
10. Vi ber kommunedirektøren setja i gang arbeid med å få etablert retningslinjer for bruk av Klimafondet.
11. Vi ber kommunedirektøren om å følgja opp områdeplanen i Eikelandssosen med tanke på utvikling av kollektivterminal, busshaldeplass og innfartsparkering.
12. Vi ber kommunedirektøren utgreia moglegheitane for å få til eit vern av Osmarka, og leggja fram ei sak om dette til politisk handsaming i kommunestyret.
13. Vi ber kommunedirektøren styrka kommunikasjonen ut til innbyggjarane om at alle vil få naudsynt helsehjelp og andre tenester. Det bør leggjast særleg vekt på å nå ut til grupper som treng informasjon på alternative måtar.
14. Vi ber kommunedirektøren om å få opp ei ny politisk sak om kommunal leige frå frivillige lag og organisasjonar. Bjørnafjorden kommune ønskjer ein auka innsats frå frivillige inn i det kommunale tenestetilbodet, og då bør samstundes kommunen sjå på korleis kommunen kan yta noko tilbake til frivilligheita.
15. Vi ber om at kommunedirektøren for framtida også legg fram konsekvensjusterte budsjett.
16. Vi ber kommunedirektøren ta initiativ til å få realisert turveg mellom Skjelbreid og Koldal.
17. Vi ber kommunedirektøren om ei informasjons- og oppfølgingssak kring behov og tilbod til brukarar av fritidskontaktar (støttekontaktar). Vi ønskjer eit særskilt fokus på tilbodet til dei som bur i tilrettelagde bustader.